



### Du treng:

- Ei tom plastflaske med kork
- Varmt og kaldt vatn


1. Fyll flaska med varmt vatn.



2. Hell ut vatnet.



3. Skru igjen korken.



4. Hald flaska under kaldt vatn.



## Kva skjer?

Når du tek varmt vatn i flaska, varmar du opp luftmolekyla inni flaska. Varme molekyl sprett fort rundt, og nokre av dei hoppar også ut av flaska. Når du held flaska under kaldt vatn, vil molekyla/lufta bli avkjølt. Molekyla sprett ikkje lenger rundt. I tillegg er det no færre molekyl inni flaska enn utanfor flaska. Lufta utanfor pressar på og får ingen motstand. Det er ikkje nok molekyl i flaska til å halde imot presset utanfrå. Flaska blir då pressa saman.

